



Parker ikkje så tett innpå containaren! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då SIM skulle tømme den mykje omtala hytte-containaren ved gamleskulen fredag, måtte sjåføren gje opp å gjennomføra operasjonen.

Grunnen var at ein bil var parkert så tett innpå containaren at bilen ikkje kom til. Det same problemet oppsto for kort tid sidan, men då klarta SIM å løfta containaren over bilen som sto i vegen.

- Folk flest må forstå problemet og ikkje parkera så tett innpå, seier ein som var vitne til den mislukka operasjonen fredag.